



Anne Kristine Iversen  
Flaktveitvegen 5134  
5134 FLAKTVEIT

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1175 - 14/3495

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:  
10.03.2014

## Godkjenning - tilbygg til fritidsbustad på Kårbø, gnr. 52, bnr. 27.

**Administrativt vedtak. Saknr: 39/2014**

**Eigedom:** 52/27

**Byggjeplass:** Kårbøvegen 46

**Tiltakshavar:** Anne-Kristine Iversen

**Planstatus:** Kommuneplanen – LNF-område

**Søknad om:** Tilbygg til fritidsbustad

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad stempla motteke 23.08.2013 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av tilbygg til fritidsbustad på gnr. 52 bnr. 27 på Kårbø.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område og innanfor 100-metersbeltet til sjø. Det vart gitt dispensasjon for tiltaket i Utval for drift og utvikling i møte 21.01.2014, sak UDU. 011/14.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 05.05.2013. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 23.08.2013. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**Vedtak**

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til tilbygg på hytte på gnr. 52 bnr. 27 i samsvar med søknad stempla motteke 23.08.2013.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 23.08.2013.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

## Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

**Mottakere**

Anne Kristine Iversen

Flaktveitvegen  
5134

5134

FLAKTVEIT